

OFFENTLEG MØTEBOK

Organ:	Formannskapet
Stad:	Leikanger, Tinghuset - Tingsalen
Dato:	28.04.2021
Tid:	09:00 – 16:15

Funksjon	Namn	Parti	Forfall	Møtt for
Ordfører	Arnstein Menes	SP		
Medlem	Karen Marie Hjelmeseater	SP	X	
Medlem	Svein Jarle Slinde	SP		
Medlem	Bjarte Stedje	SP		
Medlem	Henny-Kristin A. Navarsete	AP	X	
Medlem	Gunnhild Olstad Bøyum	H		
Varaordfører	Vibeke Johnsen	SV		
Medlem	Frode Bøthun	KRF		
Medlem	Trude Risnes	V		
Vara	Stig Ove Ølmheim	AP		Henny-Kristin A. Navarsete
Vara	Magne Bruland Selseng	SP		Karen Marie Hjelmeseater

Til stades med møte- og talerett:

Konstituert rådmann Tor-Einar Holvik Skinlo

Frå administrasjonen:

Kommunalsjef for oppvekst, Ole Gunnar Krakhellen

Sekretariat for møtet:

Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Formannskapet valde ordføreren, Trude Risnes og Svein Jarle Slinde til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Formannskapet vedtok samrøystes å lukke møtet under handsaming av sakene 39/21 og 40/21, jamfør kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b og offentleglova § 23.

Møtebok Formannskapet 28.04.2021

Sakene vart handsama i følgjande rekkefølge: Sak 30 – 35/21, sak 37/21, sak 36/21, sak 38/21, sak 41/41 og til slutt 39/21 og 40/21.

Ingar Hals og Gunnar Solbakken frå Vestland fylkeskommune orienterte formannskapet om planane for Bru over Esefjorden.

Sak 30/21
Avtale om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet - utøving av opsjon på forlenging

Vedtak, samrøystes:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Avtale med PwC om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet vert forlenga ved utøving av opsjon til 01.06.23

Sak 31/21
Representant for oppnevningssutvalet for meklere i konfliktrådet

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret oppnevnersom representant til oppnevningssutvalet for meklere i konfliktrådet for perioden d.d til 31.12.23

Endringsframlegg:

Svein Jarle Slinde (Sp) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Kommunestyret oppnevner Arnstein Menes som representant til oppnevningssutvalet for meklere i konfliktrådet for perioden d.d til 31.12.23

Avrøysting:

Framlegget frå Slinde vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret oppnevner Arnstein Menes som representant til oppnevningssutvalet for meklere i konfliktrådet for perioden d.d til 31.12.23

Sak 32/21
Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune - endring

Vedtak, samrøystes:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune.

Det blir gjort fylgjande endringar:

§ 4 b) blir endra slik:

Leiarar og representantar i administrasjonsutval, arbeidsgjevarutval, råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, sakkunnig nemnd eigedomsskatt, klagenemnd eigedomsskatt, **samt røystestyra** som ikkje motteke fast møtegodtgjersle

Det vert utbetalt variabel møtegodtgjersle

Leiar: 0,075 % av ordføraren si årlege godtgjersle

Representant og vararepresentant: 0,050 % av ordføraren si årlege godtgjersle per møte

Sak 33/21
Fleirbruks- og basishall

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa kan gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet.

Endringsframlegg:

Gunnhild Bøyum (H) og Magne Bruland Selseng (Sp) sette fram slikt framlegg som endring i siste setning i punkt 2:

Referansegruppa skal gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet.

Formannskapet sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 2:

Referansegruppa kan utvidast ved behov.

Avrøysting:

Framlegget frå Gunnhild Bøyum (H) og Magne Bruland Selseng (Sp) vart samrøystes vedteke. Framlegget frå formannskapet og tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa skal gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet. Referansegruppa kan utvidast ved behov.

Sak 34/21
Kommunal tilskot kompensasjonsordning til lokale virksomheter- jf. Prop 79S - runde 2

Habilitet:

Formannskapet fann representantane Stig Ove Ølmheim (Ap) og Frode Bøthun (KrF) gilde til å delta i handsaming av saka, jamfør forvaltningslova § 6e.

Vedtak, samrøystes:

1. Formannskapet legg til grunn «Retningslinjer for kommunalt næringsfond 2021 i Sogndal kommune» slik dei ligg føre for utlysinga av kompensasjonsordninga.
2. Midlane skal lysast ut med ein gang, først med søknadsfrist 14 dagar frå kunngjering, deretter med løpande handsaming dersom det er midlar att.
3. Rådmannen får fullmakt til å handsame tildelingar inntil kr 200.000. Tildelingar over kr 200.000 skal handsamast i formannskapet.

Sak 35/21
Søknad til kommunalt næringsfond frå Sæle Sag AS

Vedtak, samrøystes:

1. Formannskapet løyver inntil kr. 212 500 til bedriftsutvikling og inntil kr 100 000 til investeringar, samla kr 312 500, frå kommunalt næringsfond for Sogndal kommune 2021, til Sæle Sag AS. Tilskotet er avgrensa til 25 % av dei

godkjende bedriftsutviklingskostnadane, samt 10,6 % av investeringskostnadane.

Sak 36/21
Næringsareal Kaupanger gbnr 105/405

Habilitet:

Formannskapet fann representanten Gunnhild Bøyum (H) ugild til å delta i handsaming av saka, jamfør forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav b). Arne Glenn Flåten (H) tok sete som vara for Bøyum.

Vedtak, samrøystes:

1. Sogndal kommune aksepterer bodet på aktuell del av næringseigedom med gnr. 105, bnr. 405, til Daco Mekaniske AS og Bygg og Taksering AS for kr. 1.251.000.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.

Sak 37/21
Ev. etablering av frivilligsentral i Balestrand

Frå komité for samfunnsutvikling låg det føre slik tilråding til vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor.
2. Vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022, det bør setjast av naudsynte midlar for oppstart i 2021 i henhold til prioritering i frivilligpolitisk plattform.

Endringsframlegg:

Formannskapet fremja rådmannen si tilråding, med tillegg i punkt 2:

1. Eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.
2. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor, inkludert vurdere korleis raskare oppstart kan skje med kun kommunal støtte.

Avrøysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå komité frå samfunnsutvikling kom ikkje opp til avrøysting.

Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.
2. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor, inkludert vurdere korleis raskare oppstart kan skje med kun kommunal støtte.

Sak 38/21
Ny gangbru i Sogndal kommune

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite
.....

Habilitet:

Formannskapet fann representanten Bjarte Stedje (Sp) gild til å delta i handsaming av saka.

Endringsframlegg:

Bjarte Stedje (Sp) sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Osenbrui.

Prøverøysting:

Det vart ikkje røysta over alternativet «Fjørakloppi», då det allereie eksistera ein stad i Sogndal sentrum med dette namnet.

Alternativet «Sikksakken» fekk 3 røyster frå Arnstein Menes (Sp), Svein Jarle Slinde (Sp) og Trude Risnes (V).

Alternativet «Vandrasaman-brui» fekk 2 røyster frå Stig Ove Ølmheim (Ap) og Vibeke Johnsen (Sv).

Framlegget frå Bjarte Stedje (Sp), «Osenbrui», fekk 4 røyster frå Bjarte Stedje (Sp), Magne Bruland Selseng (Sp), Frode Bøthun (KrF) og Gunnhild Bøyum (H).

Avrøysting:

Alternativet «Sikksakken» fekk 3 røyster frå Arnstein Menes (Sp), Svein Jarle Slinde (Sp) og Trude Risnes (V).

Framlegget frå Bjarte Stedje (Sp), «Osenbrui», fekk 6 røyster frå Bjarte Stedje (Sp), Magne Bruland Selseng (Sp), Frode Bøthun (KrF), Stig Ove Ølmheim (Ap), Vibeke Johnsen (Sv) og Gunnhild Bøyum (H).

Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Osenbrui.

Sak 39/21
Vurdering av kjøp av eigedom

Saksframlegg og vedtak er ikkje offentleg, jamfør kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b og offentleglova § 23, og saka vart handsama i lukka møte.

Sak 40/21
Administrasjonslokale

Saksframlegg og vedtak er ikkje offentleg, jamfør kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b og offentleglova § 23, og saka vart handsama i lukka møte.

Sak 41/21
Skriv og meldingar, drøftingar og orienteringar i formannskapet 28. april 2021

Følgjande skriv, meldingar, drøftingar og orienteringar vart handsama:

A. Skriv og meldingar

1. Revisjonsmelding 2020 Sogndal kommune
2. Kandidatar til verv i Norsk kulturskuleråd Vestland
3. Søknader kulturmidlar 2021
4. Tilskot til styrking og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta
5. Vedtak om utbetaling av tilskot - tilskot skuleutvikling Leikanger

- barneskule
6. Ungjobb 15 -18 år
Formannskapet ynskjer ei vedtakssak med utgangspunkt i notatet.
 7. Uttale frå Sogn regionråd til yrkesopplæringsnemda og hovudutval for opplæring og kompetanse
 8. Førespurnad om dialogmøte frå Balestrand bygdalag
 9. Innkalling til representantskapsmøte Sogn Brann og Redning IKS 23. april 2021 - utkast
 10. Innkalling og sakliste - generalforsamling i SognLab AS 23. april 2021
 11. Representantskapsmøte i SIMAS IKS 23. april 2021
 12. Innkalling til generalforsamling i Sogn Næring AS 28. april 2021
 13. Innkalling og sakliste - generalforsamling Visit Sognefjord 29. april 2021
 14. Referat frå møte i eigargruppa Campus Sogndal 23. mars 2021
 15. Innkalling til ordinær generalforsamling - Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS - 27. april kl. 13.00
 16. Alarmsentralen IKS. Informasjon ang. drift av tenesta tryggleiksalarmar og Velferdsteknologi
 17. Ny takst- og sonestruktur for buss i heile Vestland fylke
 18. Invitasjon til å teikne aksjar i Nordfjordbrua AS
 19. Invitasjon til å søkje om tilskot til å arrangere sommarskole - Sogndal Kommune
 20. Felles høyringsfråsegn frå Hardangerrådet og Sogn regionråd til regionalplan for innovasjon og næringsutvikling
 21. Jubileumsbok frå Den norske bokbyen
Formannskapet fann representanten Trude Risnes (V) ugild til å delta i drøftinga av punkt 21.
- Formannskapet ynskjer ei vedtakssak på prinsipielle avklaringar kring handsaming av ulike søknadar og kva tildelingskriterium ein skal bruke.*
22. Nasjonal transportplan 2022-2033 - innspel frå Sogn regionråd
 23. Regional transportplan for Vestland - innspel til handlingsplanen

B. Drøftingar

1. Innspel til utlysingstekst for ny rådmann.

C. Orienteringar

Frå rådmannen:

1. Status vaksinasjon
2. Einslege mindreårige-tiltaket
3. Det Norske kammerorkester til Sogndal
4. «Fiks gata mi» - statusorientering
5. Vasskvalitet
Utsett til møte i kommunestyret 6. mai.
6. Parkering på Stedje i Sogndal

Frå ordføraren:

1. 17. mai

D. Innkomne spørsmål fra representantane

Trude Risnes (V): Tilkomst til Huksdalen på Leikanger

Stig Ove Ølmheim (Ap): Status vaksinerer

Gunnhild Bøyum (H): Status fotgjengarovergang på næringsområdet på
Kaupanger

Administrasjonen svarte på spørsmåla i møte.